

Fra: Margaret Halland
Sendt: onsdag 3. mars 2021 16.42
Til: jens.bjordal@bkkfiber.no
Emne: Svar på søknad om tilknytning kommunal vass og avlaupsleidning
Vedlegg: Erklæring om felles solidarisk ansvar.docx; Erklæring om rett til å gå over annan manns grunn.docx

Hei

Eg har starta behandlinga av dykkar søknad.

Me beklagar at du ikkje har motteke svar før no, me har stor pågang.

Ser at erklæringane de har sendt inn ikkje er tinglyste?

Ein ting som bør vera med i erklæringane er at alle som er knytt til dei fellesprivate leidningane, har eit felles solidarisk ansvar for vedlikehald.

De kan med fordel ta dette med i same dokument, då prisen for tinglysing er pr. dokument.

Eller berre laga ei ny erklæring for felles solidarisk ansvar, der alle partar signerer.

(meiner det var kr. 580 i 2020, kan vera det er ei prisendring 2021 ?)

Flott om de kan senda dokument til tinglysing og så senda kopi av stempla dokument.

Me ynskjer at alle privatrettslege avtalar vert tinglyste før me gjer godkjenning.

Eg ser at naboar har signert så her er det nok i orden, men det er naudsynt at de får inn dette med vedlikehald og at dei så vert tinglyst.

(Legg ved dei to erklæringane som me plar nytta så du kan sjå på dei, eller bruka som forslag til ordlyd)

Tinglysing plar ta ca. ei veke.

Send originaldokument/dokumenta pr. post til :

Kartverket Tinglysing
Postboks 600 Sentrum
3507 Hønefoss

Du kan gjerne ringa Kartverket for å vera sikker på at dokumentet/dokumenta du ynskjer å tinglysa er ok, før du sender.

Tlf : 32118000

Måndag-Fredag 08.00-15.00

Ta kontakt om du har fleire spørsmål.

Med venleg helsing

Margarett Halland | Konsulent teknisk forvaltning og drift

margarett.halland@alver.kommune.no

Telefon +47 56 34 90 55

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE